

Lindås kommune v/ Anne Wergeland

Merknader til kommunedelplan skule 2014 - 18

Samarbeidsutvalet (SU) og FAU ved Ostereidet ungdomsskule har drøfta kommunedelplanframlegget i felles møte og vil gjerne fremje nokre synspunkt. Merknadene og møtet kjem seint i høve høyringsfrist, men vi vonar innspela blir tekne omsyn til i det vidare arbeidet.

1. Nærskuleprinsippet

SU/FAU finn ingen grunn til å imøtegå langsiktige trendar slik dei er trekte opp i dokumentet. Prognosar og overslag tek vi til etterretning slik dei ligg føre. SU / FAU tek heller ikkje stilling til barneskulane si plassering.

Vi finn likevel grunn til å stoppe opp ved nærskuleprinsippet som etter vår oppfatning overstyrer nødvendige, gyldige kommunale vedtak. Vi har forståing for at det er eit gjeldande lov hierarki, og at Opplæringslova på dette punktet ser ut til å vere overordna andre lover. Vi ynskjer at Lindås kommune prøver denne lovforståinga fordi den årleg valdar mykje uforutsigbarhet mop. Elevtal i klassar og evt også klassetal på skulen.

2. Framtida for Ostereidet ungdomsskule

Etter det ein kan lese ut av høyringsdokumentet (HD) ligg det føre to scenario. Det eine er at Ost U vert verande der han er. Det andre er ny skule i området Eikanger.

a. Ostereidet u på Ostereidet.

I diverse kommunale vedtak frå nyare tid er det knesett prinsippet om 3 sentra i Lindås kommune. Ostereidet er eit av dei. Dersom skulen vert verande her må det satsast midlar til vedlikehald og utbyggjing. Ein vil her peike på den infrastrukturen som alt er på plass med vatn, sanitær, idrettsanlegg, basseng og skulebygg.

I HD skal ein tenke at bygg o.a. i eit 40 årsperspektiv. Idrettsbygget /bassenget på Ostereidet er 40 år i år. Skulebygget er som vel alle veit 50 år.

Utbygging og opprusting vil m.a. vere grupperom og idrettshall. Det føreligg planar for storstove her og vi ynskjer at arbeidet med den vert utgreidd.

Skulebygget kan ta 150 elevar. Pr i dag er belegget ca. 110.





Det gode samarbeidet med kyrkje, lag og organisasjonar og etablerte samarbeidsfora i skulen sitt lokalmiljø er ein viktig del av skulen sin infrastruktur. Gode samarbeidsrelasjonar har vore effektive og slitesterke over år.

Ein viser elles til uttale til reguleringsplanskiss for Ostereidet dat 15.04.15 som vektlegg behovet for sikker tilkomst til skulen strekninga Ostereidet sentrum til skulen forbi Lindstallen. Det same gjeld for strekninga Dyrhovden - skulen. Ein ber om at dette vert vurdert med det første.

b. Ostereidet u på Eikanger

Ny ungdomsskule i området Eikanger vil løyse strukturelle utfordringar Lindås kommune har også om ein legg nærskuleprinsippet til grunn.

Ny skule og nye romslege lokalitetar på Eikanger er sjølv sagt eit gode. Ein peiker likevel på at skulebygg med idrettslokalitetar og fasilitetar som basseng og treningsbaner er eit omfattande arbeid.

Som ein kan sjå, vil ein i begge tilfelle kunne rekne med kostnader for å oppdatere evt byggje nytt.

Ostereidet, 29.04.15

Arne Riisnes, rektor (s)

